



HARAM  
KOMMUNE

# NOTAT

**Mottakarar:**

Styringsgruppa

**Ref.**

15/6142/026/EAM

**Dato:**

26.06.2015

## Kommunereform Haram - Plan for 2. halvår 2015

### **Utgreiings- dialog og forhandlingsfase - til 31.12.15**

#### Gjennomførte tiltak i første halvdel 2015:

Etter initiativ frå ordføraren i Haram saman med ordføraren i Ålesund vart til saman 10 kommunar på Nordre Sunnmøre invitert til eit møte 26.01.15 på Ingebrigts Davik-huset, Brattvåg, med formål å skape ein større kommune på Nordre Sunnmøre.

Gjennomført jamnlege møte i styringsgruppa for kommunereforma (formannskapet + ein repr. frå Venstre)

Behandla kommunereforma som sak i kommunestyremøte 18.12.14, 26.02.15 og 18.06.15

Haram kommunestyre vedtok 26.02.15 å delta i tre alternative utgreiingar – Regionkommune Sunnmøre, landkommunealternativ etter initiativ frå Ørskog og Skodje og alternativ om å halde fram som eigen kommune – alternativt saman med Sandøy. Den 18.06.15 vedtok kommunestyret å gå ut av landkommunealternativet.

Kommunen v/styringsgruppa har invitert tilsette, tillitsvalde, næringsliv og medlemmer i ungdomsråd og eldreråd til ein work-shop den 21.04.15 for gjennomføring av SWOT-analyse for regionkommune Sunnmøre og landkommunealternativet.

Kommunen har halde to informasjonsmøte for dei tilsette i kommunen - april 2015.

Kommunen har avholdt eit folkemøte den 18.05.15 i Brattvåg.

Kommunen har publisert informasjon om kommunereforma på heimesida, og utarbeida ei brosjyre med kort informasjon om kommunereforma.

#### Plan for gjennomføring i andre halvdel 2015:

Kommunen v/styringsgruppa vil invitere tilsette, tillitsvalde, næringsliv og medlemmer i ungdomsråd og eldreråd til ein work-shop den 25.08.15 for gjennomføring av SWOT-

analyse for alternativet om å halde fram som eigen kommune – alternativt saman med Sandøy.

Møte i styringsgruppa 22.09.15 – status for arbeidet med dei to aktuelle alternativa , regionkommune Sunnmøre og Haram alt. Haram/Sandøy.

Møte i kommunestyret 01.10.15. – kommunestyret overlet saka om kommunereforma til det nye kommunestyret. Status for kommunereformprosessen, velje forhandlingsutval. Ev. gi tilråding om gjennomføring av innbyggjarundersøking eller folkerøysting. Det er lagt opp til at det nyvalde kommunestyret vil gjere vedtak om dette i sitt møte 17.12.15.

Halde eit folkemøte i løpet av oktober månad, fortrinnsvis før 22.10.15.

Innvolvere ungdommen – mål om å gjennomføre info/debattmøte på Haram vidaregåande skule i samarbeid med rektor. Leiar for ungdomsrådet vil ta eit initiativ for å samle alle ungdomsråda på Nordre Sunnmøre i løpet av hausten 2015.

Gjennomføre politikaropplæring for det nyvalde kommunestyret – i første omgang dagane 28. og 29. september 2015.

#### **Høyrings- og avgjerdsfase - til 01.07.16:**

Plan vil bli oppsett i løpet av hausten 2015.

Med helsing

*Elin A. Moen*

Elin A. Moen  
seksjonsansvarleg

Interntlf. 70 20 75 32

#### **Kopi til:**

Fylkesmannen i Møre  
og Romsdal